




Det er DU som
bestemmer ...

Tankar og fakta om personvern



Hftet er utgjeve av Datatilsynet i samarbeid med
Utdanningsdirektoratet og Teknologirådet, januar 2007.

ISBN 978-978-82-997509-

Ansvarleg redaktør: Ove Skåra, Datatilsynet

Prosjektleiar: Charlotte Erikstad, Datatilsynet

Journalist: Inger Lise Welhaven

Konsept/produksjon: Gambit Hill & Knowlton

Design: Haugvar Kommunikasjon & Design

Foto: Håvar Haug / Bård Ek

Illustrasjonar: Åsne Flyen

Trykk: Grefslie Trykkeri

Åshild Nordstrand har omsett heftet til nynorsk.

Meir informasjon på www.dubestemmer.no

Datatilsynet

Postboks 8177 Dep
NO-0034 Oslo
Telefon: 22 39 69 00
www.datatilsynet.no

Utdanningsdirektoratet

Postboks 2924 Tøyen
NO-0608 Oslo
Telefon: 23 30 12 00
www.udir.no

Teknologirådet

Postboks 522 Sentrum
NO-0105 Oslo
Telefon: 23 31 83 00
www.teknologiradet.no

DITT VAL

Dette heftet handlar om personvern. Det handlar om korleis opplysningar om deg kan bli nytta av andre, og korleis du kan ta kontroll over desse opplysningane.

Mykje veit du sikkert frå før, og ein del er nok ny kunnskap. Vi vonar at heftet vil føre til diskusjonar – og kanskje nokre nye tankar. Målet er å setje deg i stand til å gjere val som er rette for deg.

Det er du som bestemmer.

Greitt nok med
konferansetime ...



... men det vart eit helvete då læraren hadde googla meg!

Du møter ikkje opp i konferansetimen og seier: "Eg hentar stilane mine frå nettet, eg." Og du retter ikkje alltid opp handa i klassen sin time og fortel kva for nettsider du var inne på i går.

Har du ei hemmelegheit å fortelje kompisen din, deler du ikkje ut "flyers" i kantina. Og kosepratar du med dama på rommet ditt, ropar du ikkje "kom og ver med!" til tante Randi som er på besøk.

Kanskje du heller vil halde ting for deg sjølv ...

Du er ikkje alltid så anonym som du trur.

BANG! Du smeller att døra. Endeleg åleine. Ned i stolen. På med PC-en. Chatting med venner og surfing på nettet. I fred for masete foreldre og nysgjerrige småsysken. Og vil dei absolutt kome inn, får dei banke på først. På rommet ditt er det du som bestemmer.

“PERSONVERN HANDLAR ÒG OM Å FINNE DEI USKRIVNE REGLANE FOR GOD FOLKESKIKK. VI KIKKAR IKKJE I NØKKELHOL, VI OPNAR IKKJE BREV VI FINN PÅ GATA, OG VI FORTEL IKKJE TRIMKAMERATEN OM KREFTDIAGNOSEN TIL KONA.”

Georg Apenes, Datatilsynet

Du har krav på å vere i fred

Vi har alle noko vi ikkje ynskjer å dele med andre – ikkje fordi det er kriminelt eller noko vi er nøydde til å skjule, men rett og slett fordi det er privat. Difor er det du som i første rekkje skal bestemme kva folk skal få vite om deg, og kva for opplysningar du vil halde for deg sjølv.

Dine egne val

Du bestemmer sjølv kva du vil dele, og kven du vil dele det med. Dei færreste vil høgt og tydeleg be om ein klamydiatest i skranken på legekantoret, med eit fullsett venterom som publikum. Få vil spreie nakenbiletet av seg sjølve på MMS, og risikere at bileta fem sekund seinare har nådd både kjærasten, lærarar og foreldra. Ingen likar at andre sno- kar i dei private sakene deira, anten det er i nattbordskuffen eller på PC-en.

Dine egne grenser

Behovet for å ha eit rom for seg sjølv som andre respekterer og ikkje bryt seg inn i, varierer frå person til person. Ulike vennegjengar har òg ulikt syn på kva som er privat. Dessutan har oppfatninga av kva som er privat, endra seg. Det foreldra dine berre kunne gjere bak stengde dører, vil du kanskje ikkje nøle med å vise til alle.

Av og til har vi behov for å vere anonyme. Vi skal kunne kjenne oss trygge på at ingen andre får vite alt om oss

KVA MEINER DU?

Kvar går grensa for kva foreldra dine skal ha rett til å vite om deg? Skal dei kunne gå i nattbordskuffen din? Skal dei få sjå bankutskriftene dine for å kontrollere kvar du har brukt bankkortet? Er det greitt at dei går inn på PC-en din og sjekkar kva for nettsider du har vore inne på?

Kor gammal bør du vere før foreldra dine ikkje lenger kan krevje innsyn i alt du gjer? Bør det vere ulike grenser for døma ovanfor, og i så fall kvar går grensene?

OPPGÅVE:

Synet på kva som er privat, og kva som eignar seg offentleg, har endra seg.

Finn døme på situasjonar som du ser på TV og Internett og i aviser og blad, og som du trur ein ikkje kunne vist for 20 år sidan, fordi det den gongen vart rekna som privat. Vis korleis grensene har flytt seg. Kvar synest du grensa bør gå i dag?

eller ser alt vi held på med. Difor kan du gå til helsesystemer utan at andre skal få vite kva de snakka om. Du skal òg kunne gå på do i fred utan å bli fanga opp av eit kamera.

Du har rett til å late att døra og sjølv bestemme kven du vil invitere inn.

Personopplysningslova

Personopplysningslova skal medverke til at opplysningar om deg blir nytta på ein måte som viser respekt for deg. Føremålet med lova er å verne deg mot at personopplysningane dine blir nytta på ein måte som krenkjer personvernet ditt.

Personopplysning


Ei personopplysning er ei opplysning som kan knytast til ein viss person. Til dømes er namn, alder, adresse og telefonnummer personopplysningar dersom dei kan knytast berre til deg. Bilete der ein kan kjenne att personen, er òg ei personopplysning, jamvel om det ikkje står eit namn ved biletet.

Fødselsnummeret er sett saman av fødselsdatoen (dei seks første siffera) og personnummeret (dei fem siste siffera). Fødselsnummeret ditt er ei personopplysning.

Samtykke

Andre har i utgangspunktet ikkje lov til å bruke personopplysningane dine utan at du først har gjeve samtykke, det vil seie løyve, til det. Samtykket skal vere frivillig og må gjevast aktivt, og du kan når som helst trekkje det tilbake. Dette er hovudregelen, men det finst unntak. Til dømes har staten og kommunen i fleire samanhengar lov til å registrere og bruke personopplysningar utan di godkjenning.

Hovudregelen er at når du har fylt 15 år, kan du sjølv samtykkje til innhenting og bruk av personopplysningar. Dersom du er yngre enn det, må dei som vil bruke personopplysningane, normalt få samtykke frå foreldra dine. Når det gjeld sensitive personopplysningar (straffbare forhold, helse, seksualitet o.l.), krevst det ofte samtykke frå foreldra dine fram til du er 18 år.



Informasjon og innsyn

- Gjev du frå deg personopplysningar, har du rett til å få vite kven som samlar dei inn, kva dei skal brukast til, om dei vil bli utleverte til andre, og i så fall til kven.
- Du har krav på å få vite kva for opplysningar andre har om deg, kva informasjonen skal brukast til, og korleis dei har fått tak i opplysningane.
- Du kan krevje at feilaktige eller mangelfulle opplysningar blir retta.
- Opplysningar som ikkje lenger er nødvendige for det opphavlege føremålet, skal slettast.

SHIT HAPPENS!

Med pappa på slep

Ei tenåringsjente drog på skiferie med venner, åleine utan foreldra. Men kor åleine var ho? Faren abonnerte på mobiltenesta "Trygghetsmobilen" og sat heime framfor PC-en og kontrollerte kvar ho var. Han hadde ingen motførestellingar mot denne kontrollen, og dottera meinte at det var greitt, sjølv om ho var litt skeptisk til at faren alltid kunne spore henne. Barneombod Reidar Hjermand var svært skeptisk til dette: "Eit system der foreldre heile tida kan kontrollere kvar borna deira er, er ei soleklar krenking av privatlivet til barnet."

Kjelde: NRK Dagsrevyen

Sjekkar pengebruken til dottera

Ei mor fortel at ho set lommepengane til dottera inn på ein konto med bankkort i staden for å gje henne kontantar. Med jamne mellomrom går ho gjennom kontooversikta til dottera i nettbanken, og har dermed full kontroll over kvar og når dottera har brukt lommepengane.

Kjelde: Datatilsynet

SKULEN ER FRYKTELEG KJEDELEG – av og til. Freistinga til å dukke ned bak skjermen og finne på noko morosamare kan vere stor. Men sjølv om du sit i ein krok og ingen kikkar deg over skuldra, er det mange som kan sjå kva du gjer.

"PERSONVERN ER EIT GRUNNLEGGJANDE VERN AV PRIVATLIVET TIL DEN EINSKILDE."

Veit du kven som ser deg?

Surfing og chatting blir oppfatta som privat, og difor ynskjer dei fleste å sitje i fred. Helst skal det gjerast heime med døra att, kanskje til og med låst, for å vere på den sikre sida. Det er lett å gløyme at døra ofte står på vidt gap i teknologiverda.

Enkelt å sjekke

For at e-posten du sender, skal kome fram til rett person, og for at nettsidene du går inn på, skal kunne sendast til "din" maskin, får maskinen ein elektronisk adresse (IP-adresse). Dei fleste skular har ein brannmur som vernar mot innbrot frå hackarar og virus, og i denne brannmuren kan det lesast kva for IP-adresse alle PC-ane har, kva for nettstader dei har vore innom, kor mange gonger og kor lenge.

Alle nettsider du har vore innom, legg seg òg i historikken på sjølve datamaskinen. Desse opplysningane blir lagra for at det skal vere enkelt neste gong du vil gå til den same sida. Dersom du ikkje slettar historikken på datamaskinen, er det difor lett for andre å kontrollere internettbesøka dine. Uvedkomande kan òg finne fram til e-postar som du har sendt og fått. Dersom venner, eller ikkje fullt så gode venner, får tak i passordet ditt, får dei tilgang til alt som eigentleg er meint berre for deg. Det kan bli både ekkelt og flautt.

Ansvar og reglar

Som regel er det kanskje ikkje så farleg om andre ser det du har gjort heile da-

gen eller i skuletimen. Likevel kan det vere tilfelle der det ikkje er like greitt. Difor har skulen reglar for kva elevar og lærarar har lov til å gjere på datamaskinane til skulen. Det set grenser for kva læraren kan sjekke av gjeremåla dine på maskinen og i brannmuren til skulen, samtidig som du må ta ansvar for handlingane dine.

Når du er på Internett, er det ikkje alltid like lett å vite om nokon kikkar deg i korta. Åleine med PC-en kjenner du deg kanskje anonym, og det er lett å tru at ingen ser det du gjer. Sanninga er ei anna ...

Du er ikkje anonym på nettet.

KVA MEINER DU?

Kven bør ha innsyn i datamaskinen du bruker på skulen? Lærarar? Klassekameratar? Foreldre? Kva skal dei kunne sjå, og korleis skal dei kunne bruke denne informasjonen? Dersom skulen oppdagar at det blir drive mobbing via nettverket til skulen, bør læraren då kunne gå inn i systemet og sjekke kva som er gjort, og kven som står bak?

OPPGÅVER:

Snakk saman i klassen. Hjelp kvarandre med å finne ut korleis de kan slette historikken i nettlesaren ved å

- slette alle mellombels filer ("temporary Internet files")
- endre personverninnstillingane i nettlesaren

Kva for reglar for bruk av datautstyret gjeld ved skulen din?

Undersøk om skulen har reglar for innsynsretten til læraren i det du gjer på datamaskinen. Kva synest du læraren og skulen bør ha rett til eller ikkje rett til å sjekke? Lag framlegg til reglar og diskuter dei i klassen, eller ta dei opp med skulen gjennom elevrådet.

Som ei open dagbok

Det er mogleg for andre å sjå kva for nettadresser du har vore innom, ved å sjekke anten historikken eller mellombels filer for tekst, bilete og e-post. Desse filene blir ikkje sletta automatisk når du stengjer nettlesaren. Dersom du ikkje sjølv fjernar innhaldet, kan andre snoke i nettbesøka dine. Faren for at andre prøver å snoke i informasjonen som ligg att etter deg, er kanskje størst når du bruker utstyret på skulen, biblioteket eller ein internettkafé.



Korleis kan dei vite kven eg er?

Kvar gong du loggar deg på Internett, får du tildelt ei IP-adresse. Internettleverandøren registrerer når du er kopla opp, og kva for ei IP-adresse du har fått tildelt. Dessutan registrerer nettstadene kva for IP-adresser som besøker dei. Når politiet skal etterforske kven som har vore innom ein nettstad, kan dei sjekke loggane på nettstaden og så be internettleverandørane om lister over kven som brukte IP-adressene på det aktuelle tidspunktet.

Mange nettstader er interesserte i å vite kven som besøker dei, og difor lagrar dei ei lita fil ("cookie") på maskinen din. Kvar gong du går til nettstaden, sjekkar han om maskinen din har ei slik fil, og registrerer informasjonen i henne, til dømes brukarnamnet og passordet du bruker for å logge deg på nettsida. Du kan nekte nettstader å lagre "cookies" på maskinen din ved å justere personverninnstillingane i nettlesaren. Men då risikerer du at ein del nettstader ikkje fungerer. Du må avgjere kva som er viktigast for deg: personvern eller tilgjenge.

Kva har skulen lov til å sjekke?

I utgangspunktet kan ikkje skulen overvake internettbruken til elevane ved hjelp av loggfunksjonen til datasystemet. Føremålet med loggen er å sikre forsvarleg drift av datasystemet. Loggen kan likevel brukast til å avdekkje uynskt aktivitet på Internett. I slike tilfelle kan skulen bruke informasjonen i loggen til å sende ut varsel om at internettaktiviteten må stoppe, og opplyse om at dersom aktiviteten held fram, vil skulen bruke loggen til å undersøkje kven som står bak.

Skulen må sjølv definere kva for internettbruk som er uynskt. Eventuell kontroll av aktivitetane til elevane på Internett må gjerast i tråd med e-postforskrifta som styresmaktene skal vedta. I mellomtida er det viktig at skulen lagar klare retningslinjer som elevane kan rette seg etter.

SHIT HAPPENS!

Avslørt på skulenettet

På ein skule på Austlandet var det nokre elevar som misbrukte læringsplattforma "It's. learning". I chatterrommet vart det registrert fleire mobbemeldingar som inneheldt stygge kjønnsord og skjellsord. Bruk av "nickname" gjorde det vanskeleg å spore sendaren, og chatterrommet vart difor stengt for alle. Men problema heldt fram på e-post. Rektor oppdaga dessutan at nokon stal passord og brukarnamn. Etter ei stund vart dei som stod bak misbruket, avslørte, og fleire elevar miste retten til å sende e-post.

Kjelde: Romerikes Blad

Lærarar snokar på PC-ane til elevane

Elevar ved fleire skular har slått alarm om lærarar som driv ulovleg overvaking og kontroll. I nokre tilfelle skal lærarar ha kartlagt alt visse elevar har gjort på Internett, ved å gå gjennom loggane i detalj.

– Dette uroar oss. Lærarane har ikkje mynde til å drive ei slik form for overvaking, seier Halvard Hølleland, som har vore leiar i Elevorganisasjonen. Han meiner at skulane går for langt i kontrollverksemda si, og at dei på denne måten seier at elevane ikkje er til å lite på. Hølleland forstår at det kan vere grunn til å sjekke at tekstar og prosjektarbeid som elevane leverer, er originale og ikkje henta rett frå nettet, men stiller seg avvisande til måten det blir gjort på.

– Ein må heller oppmode elevane til å lage skikkelege kjeldelister, meiner han.

Kjelde: VG



Det var berre
for å k dde ...

... men plutseleg hadde eg trykt Enter!

Du deler ikkje ut signerte bilete av dama di til framande menn og seier "skikkeleg fin, ikkje sant?".

Filmar du alt som hende på klassefesten, gjev du ikkje filmen til far din til jul. Og høyrer du noko kjipt om ein fyr du kjenner, prøver du ikkje å få kred ved å arrangere kviskreleiken for politiet, læraren eller dei andre på skulen.

Sannsynlegvis ikkje ...

Du bestemmer kva andre skal vite.

HEI! HER ER EG! SJEKK HEIMESIDA MI! SJÅ MEG! PÅ MSN SPACES!

PÅ YOUTUBE! PÅ PICZO! SJÅ PÅ MEG! STEM PÅ MEG!

Internett er fantastisk. Det gjev eit hav av moglegheiter: Du kan lage di eiga heimeside og gå til andre sine sider, laste ned musikk og filmar, chatte med venner på MSN, dele bilete og intime tankar. Men nettet er òg nådeløst. Når noko er sagt eller gjort, er det for seint å trykkje på angreknappen. For han finst ikkje.

Du er din eigen redaktør



Vi har alle behov for at andre skal sjå oss. Somme melder seg på realityseriar på TV. Andre opprettar ei heimeside eller ein blogg der dei legg ut bilete og informasjon om seg sjølve. Anten du vel det eine eller det andre, vil både folk du kjenner og ukjende leggje merke til deg.

Eit stort ansvar

Alle aviser har ein redaktør som er ansvarleg for alt avisa trykkjer eller legg ut på nettet, både tekst og bilete. Medviten lygn, personhets, ulovlege bilete og rasisme kan gjere stor skade og føre til bøter eller fengselsstraff. Pressa har utarbeidd eit sett av etiske retningsliner som journalistar og redaktørar skal følgje: Ver varsam-plakaten.

På same måten som avisredaktøren er ansvarleg for avisa si, er du ansvarleg for alt du legg ut på nettet. Difor må du tenkje over kva du legg ut når det gjeld informasjon om deg sjølv, og ikkje minst om andre. Det same gjeld bilete. Like viktig er det å kunne stå for det du legg ut på bloggar og andre nettstader. Det som for deg kan vere ein spøk der og då, kan andre oppfatte som krenkjande.

For seint å angre

Det kan vere morosamt å leggje ut informasjon og bilete av seg sjølv. Framfor PC-en heime på rommet kan det òg verke uskuldig og ufarleg, og det er lett

KVA MEINER DU?

Har det hendt at du har angra på noko du har lagt ut på nettet om deg sjølv eller andre, og i så fall kvifor angra du?

Kvifor trur du somme vel å leggje ut bilete av seg sjølve på sider som deiligst.no, Piczo og MSN Spaces?

OPPGÅVER:

Skriv inn ditt eige namn eller "nickname" i søkjefeltet på ein søkjemotor.

- Kva finn du?
- Synest du at det gjev eit rett bilete av kven du er? Kvifor/kvifor ikkje?

Finn fram til Ver varsam-plakaten til pressa. Lag din eigen Ver varsam-plakat med retningsliner for det du legg ut på nettet.

å flytte grenser for kva som er privat, og kva du vil dele med andre.

Men når du først har lagt ut tekst og bilete på Internett, er det vanskeleg å slette, og det er nesten umogleg å hindre kopiering og spreing. Bilete og informasjon om deg kan hamne på nettsider som du ikkje visste om, og som du har lite lyst til å bli knytt til.

Tenk deg om før du trykkjer Enter.

For evig og alltid

Det er mogleg å slette opplysningar og bilete som er lagde ut på Internett, men av og til er det umogleg å få fjerna dei fullstendig. Nokon kan ha lasta ned informasjonen og bileta, nokon kan ha lagt opplysningane ut på andre nettstader, eller store og små søkjemotorar kan ha lagra kopiar.



Eit skikkeleg JA!

Kvar gong du legg ut bilete av ein eller fleire personar på nettet, må du først spørje om lov, og få eit skikkeleg JA. Eit ja som er gjeve ein gong, gjeld ikkje evig. Dersom den som har sagt ja, seinare angrar seg, pliktar du å hjelpe til med å fjerne biletet.

Få det bort!

Slik fjernar du uynskt informasjon om deg på nettet:

1 Snakk med personen som har publisert informasjonen

Kan du sjå kven som har lagt ut dei uynskte opplysningane om deg? Ta straks kontakt med han eller henne og be om at opplysningane blir fjerna.

Er problema der enno?

2 Snakk med internettleverandøren

Ta kontakt med misbruksteamet eller "abuse-teamet" til nettleverandøren; dei kan vanlegvis hjelpe deg. Du finn teamet ved å kontakte eigaren av domenenamnet (til dømes online.no). Når du vil finne ut kven som eig eit norsk domene, kan du gå inn på den norske whois-databasen www.norid.no.

Alvorlege problem?

3 Kontakt politiet

Dersom du meiner at opplysningane som er publiserte, er så ekstreme at dei må fjernast raskt, bør du kontakte politiet på heimstaden din. Meld forholdet!

Ikkje fullt så alvorlege problem?

4 Kontakt Datatilsynet

Du kan kontakte Datatilsynet for å få råd om fjerning av uynskt informasjon på nettet. Tilsynet hjelper deg òg med andre spørsmål omkring personvern.

SHIT HAPPENS!

Fann bilete av seg sjølv på nazinettsstad

Ei jente la att bilete av seg sjølv på ein nettsstad der ho hadde fast kontakt med fotointeresserte venner som utveksla bilete og fototips. Nokre månader seinare fann ho att biletet av seg sjølv på ei rasistisk heimeside. Under tittelen "Norske skjønnheiter" låg det bilete av 122 jenter som ikkje visste om det, inkludert henne sjølv, med teksten "Bilete utstilt for alle som elsker den nordiske rasen ..." Fleire av bileta var henta frå den same nettsstaden. Bileta låg der i fleire månader, utan at jentene var klar over det.

Kjelde: Datatilsynet

– Eg orkar ikkje meir

I sommar festa venninnene mine og eg litt, som alle andre ungdommar. Vi hadde det veldig kjekt og møtte nye menneske. Vi tok bilete og la dei inn på ei heimeside. Vi hadde passord og alt! Ingenting kunne gå gale. Men då vi begynte på skulen, merka mange at det var ei "partyside", og folk fekk meir og meir lyst på passordet. Så hende det noko nytt på den nettsstaden der vi hadde lagt inn bileta. Alle kunne plutselig sjå sidene til "eigaren". Marerittet tok til med at dei vi kjende, sa det til foreldra sine. Til slutt tok ei mor kontakt med skulen og fortalde alt. Vi måtte snakke med lærarar og rådgjevarar. Foreldra mine vart òg kontakta, men heldigvis meinte dei at det høyrer med til ungdomstida. Det var verre å møte dei andre elevane. Dei visste noko, alle saman. Då eg begynte på skulen for eitt år sidan, stortreivst eg. Men no gruar eg meg til å gå på skulen kvar einaste dag. Eg har lært at eg aldri meir vil leggje ut noko på ei heimeside, verken bilete eller anna. No er det akkurat som om eg har eit videokamera etter meg. Helsing ein trist anonym.

Kjelde: Aftenposten, etter eit forkorta lesarinnlegg

Stripa for heile verda

Ei 14 år gammal jente poserte for kjærasten sin framfor webkameraet. Nokre veker etter kunne alle sjå henne på YouTube. Det som var uskuldig moro, vart eit mareritt. På 19 timar hadde 600 personar sett filmene. Far til jenta melde distribueringa av bileta, og politiet etterforskar saka.

Kjelde: Expressen.se

PASS DEG FOR MANNEN I RAUD BIL! Han heiter Hansen og er valdtektsforbrytar. Send det vidare: Pass deg for mannen i raud bil, han heiter Hansen og er valdtektsforbrytar. Send det vidare: Pass deg for mannen i raud bil, han heiter Hansen og er valdtektsforbrytar. Send det vidare: Pass deg for mannen i raud bil ...

Nokon kan STELE ryktet ditt!

På SMS blir det meste spreidd som eld i tørt gras. Det kan vere at Hansen verkeleg er ein valdtektsforbrytar. Kanskje er det viktig å passe seg for han. Men kven sende ut den første meldinga? Er det greitt å sende henne vidare? Kan det hende at Hansen slett ikkje er nokon valdtektsforbrytar, men rett og slett stakk av med dama til ein annan, som no er ute etter hemn?

Umogleg å stoppe

Når ryktet først er sett ut, er det ikkje lett å stoppe. Når biletet er sendt frå mobilen, finst det ingen angreknapp. Når du loggar av MSN, er det for seint å seie at du ikkje meinte det du skreiv. Når dei falske påstandane du la ut på nettet om den mest håplause læraren på skulen, blir lesne av kollegaen hans, kan det ende med at du blir dømd etter straffelova.

For dei fleste er eit liv utan Internett og mobil utenkjeleg. Verda blir mindre og vennekrisen større. Mobilen og nettet gjev oss fantastiske moglegheiter som tidlegare generasjonar ikkje har hatt. Dessverre gjev dei òg uante moglegheiter til å øydeleggje for andre. Undersøkingar viser at mobbing på Internett og via mobil er eit stort problem mellom norsk ungdom.

Elevar hissar opp til slagsmål på skuleplassen. Somme filmar alt med mobilen og legg det ut på Internett. Den desidert fullaste guten på festen blir overtala til å strippe framfor kameraet. Neste dag kan heile verda sjå bileta både på nettet og på mobilen. Ei

KVA MEINER DU?

Somme påstår at Internett og mobiltelefon har gjort det enklare å mobbe andre. Kva meiner du?

Tenk på meldingar og bilete du har sendt eller sendt vidare. Kan nokre av dei ha krenkt andre, og i så fall korleis?

Kva kunne du ha gjort og sagt på nettet som du aldri ville ha gjort i den verkelege verda?

Har du opplevd at andre har lagt ut informasjon om deg på nettet? I så fall, likar du det du såg? Spurde dei deg om lov først?

OPPGÅVER:

Gå inn på Piczo, YouTube eller ein liknande nettstad. Ligg det filmar eller bilete der som kan øydeleggje for andre og ikkje burde vore viste?

Sjekk heimesida eller bloggen til deg sjølv eller ein klassekamerat. Ligg det informasjon der som du trur ikkje er godkjend av nokon som er omtala eller teke bilete eller opptak av?

tidlegare veninne "stel" identiteten til Kari og sender ei ekkel melding til vennegjengen med nummeret til Kari som sendar. Det finst ingen meir effektiv måte å spreie ein bodskap på enn Internett og SMS – på godt og vondt.

Tenk sjølv

Når du sit framfor PC-en eller står med mobilen i handa, er det du som be-

stemmer kva du vil dele med resten av verda. Du har ansvar for å tenkje deg om før du sender ut eller sender vidare informasjon og påstandar om andre.

Det du ikkje gjer i det verkelege livet, bør du heller ikkje gjere i den digitale verda.

PERSONVERN INNEBER AT DET FINST GRENSE OG REGLAR FOR KORLEIS ANDRE KAN BRUKE OPPLYSNINGAR OM DEG.

Digital mobbing

- 67 000 (14 prosent) av norske barn og ungdommar mellom 9 og 16 år som bruker Internett, har sendt hatefulle kommentarar på Internett.
- 75 000 barn og ungdommar har fått ein e-post som har plaga eller skremt dei. 19 prosent av dei har fortalt det til ein vaksen, og 10 prosent har kontakta politiet.

Kjelde: SAFT Barn Norge 2006



Falsk sendar

Meldingane du får på mobilen, treng ikkje kome frå den du trur. For på Internett finst det tenester som gjer det mogleg for kven som helst å sende meldingar med eit kva som helst nummer som sendar.

Å sende tullemeldingar med falsk identitet er ikkje ulovleg i seg sjølv. Det er det meldinga blir brukt til, som avgjer om dette er ei straffbar handling. Det som er tull for somme, kan vere ein dramatisk trussel for andre.

SHIT HAPPENS!

Straffa for mobbing på nettet

Ei 17 år gammel jente på Austlandet kalla ei anna jente "hore" i ein chattekanal på nettet. 17-åringen vart dømd for å ha krenkt freden til ein annan. Retten meinte at meldinga hadde karakter av offentleg sjikane-ring og mobbing som ikkje burde vernast gjennom ytringsfridommen, og dømde henne til ei bot på 4500 kroner. – Vi finn alltid ut kven som står bak slik sjikane. Folk trur dei er anonyme på nettet, men dei legg alltid att elektroniske spor, sa innehavaren av nettstaden.

Kjelde: digi.no

Slagsmål på film

Det er fullt slagsmål på skuleplassen. To elevar slår laus på kvarandre under tilrop frå andre elevar. Etter kvart strøymer fleire til. Mange filmar oppgjeret med mobilkameraet sitt og legg filmane ut på YouTube.

Kvar dag blir det lagt ut 65 000 nye filmsnuttar ut på YouTube. Fleire viser norske elevar som slåst med kvarandre. YouTube har 20 millionar besøk kvar månad, og filmane har tusenvis av tilskodarar.

Det er ulovleg å leggje ut filmar på Internett utan å ha godkjenning frå dei som er involverte.


Kjelde: Dagbladet

Hatside mot Idol-deltakar

Då deltakaren i Idol kom heim etter konkurransen, oppdaga ho at to medelevar hadde oppretta ei hatside om henne på Internett. Mellom anna oppmoda dei andre til å kome med sterkt nedlatande og stygge kommentarar om Idol-deltakaren.

– Karakteristikkane som låg der, var ikkje til å tru. I tillegg romma nettstaden ei chatteside der folk kunne diskutere meg og min person. Slike ting er sårande å lese og heilt umogleg å forsvare seg mot. Men det verste var at det var personar frå min eigen skule som starta det, seier 18-åringen, som i ettertid angrar på at ho ikkje melde saka til politiet. Rektor ved skulen understrekar at mobbinga er heilt uakseptabel. Nettstaden vart fjerna, og gutane som stod bak, vart straffa med nedsett ordenskarakter.

Kjelde: Bergens Tidende



1:12:08:07

Kult stunt
der og då ...

... men overvåkingskameraet oppe i hjørnet hadde eg gløymt!

Du sender ikkje ein film med stunta og dei tvilsame påfunna dine til politiet for å pynte på rullebladet ditt. Og du sit nok ikkje med dodøra open på eit kjøpesenter.

Når du står i prøverommet i klesbutikken, ropar du ikkje: "Sjå på meg utan klede, då!" til dei som jobbar der. Og om du hadde lasta ned musikk ulovleg frå nettet, ville du ikkje sendt eit brev til plateselskapet og fortalt dei at "eg bøffa denne, eg".

Ikkje dersom du kunne velje ...

Veit du alltid kven som ser deg?

DRA OPP BUKSESMEKKEN. Gni søvnen ut av auga. Plukk deg for all del ikkje i nasen. Sjekk at håret er OK, og at buksa sit som ho skal. Smil! Bandet går – du er på film!

"ALLE HAR RETT TIL RESPEKT FOR
PRIVATLIVET OG FAMILIELIVET
SITT, HEIMEN SIN OG
KORRESPONDANSEN SIN."
Frå Den europeiske menneskerettskonvensjonen

Tryggare med kamera?

Overvakingskamera følgjer deg. Når du sit på bussen. Når du heng rundt på storsenteret. Når du leitar etter siste nytt i klesbutikken. Når du kjøper kebab i kiosken. Når du ruslar rundt i sentrum, og kanskje òg når du går inn døra til treningshallen.

Utryggleik er ei viktig årsak til at stadig fleire stader tek i bruk overvaking. Dei fleste sjåførar og passasjerar kjenner seg tryggare dersom dei veit at det er installert eit overvakingskamera i bussen. Det roar den som står åleine bak disken på bensinstasjonen seint på kvelden, at området er kameraovervakt.

Berre positivt?

Kameraovervaking kan gjere sitt til å førebyggje og oppklare kriminalitet, som hærverk, vald og tjuveri. Likevel er det viktig å tenkje nøye over konsekvensane før det blir installert kameraovervaking, anten det er på bussen, på skulen eller i gågata. Kva er føremålet med overvakinga? Gjer det situasjonen tryggare? Kan overvakinga få negative konsekvensar? Finst det andre løysingar som gjev like mykje eller kanskje endå betre tryggleik?

Det finst ingen tal som viser at den generelle kriminaliteten går ned i takt med at ein monterer opp kamera. Derimot får valden ei anna form eller blir flytt til andre stader. Rusa eller psykisk sjuke personar bryr seg heller ikkje om at det er kamera på staden.

Difor er det usemje om kame-

KVA MEINER DU?

Oppfører du deg annleis dersom du veit at eit kamera ser deg? Er det greit om nokon heile tida ser alt du gjer?

Kan kameraovervaking på offentlege stader, som på bussar og skular, føre til at vi tek mindre ansvar som medmenneske? Overlèt vi ansvaret til kameraet?

Tenk deg at ein elev blir fråstolen lommeboka si i garderoben på skulen. Bør det setjast opp kamera for å overvake garderoben? Kva vil i så fall føremålet vere: å førebyggje kriminalitet eller å oppklare saka? Kva er konsekvensane av å setje opp eit kamera?

OPPGÅVER:

Gå ein runde i nabolaget. Noter kvar det finst overvakingskamera. Kvifor har ein plassert kamera akkurat der? Trur du at dei har effekt?

Korleis kan dei som overvaker eit område, misbruke opptaka?

raovervaking generelt medverkar til eit tryggare samfunn. Det er òg vanskeleg å vite korleis vi som menneske blir påverka av å vere under overvaking.

Ikkje alltid til å lite på

Det hender at kameraovervakinga fører til misforståingar. Somme stader nyttar ein kamera til å oppdage uynskte personar som blir viste bort, sjølv om dei ikkje har gjort noko gale. For å unngå misforståingar eller misbruk er det viktig at dei som installerer slike kamera, veit korleis det skal gjerast, og at dei

behandlar opptaka etter gjeldande lover og reglar. Og framleis er det like viktig at du grip inn dersom du ser at nokon treng hjelp, også når det er kamera der.

Sjølv om eit kamera fangar opp hendingar, kan det ikkje hindre at saker og ting skjer.

Reglar for kameraovervaking

Alle som vil installere overvåkingskamera, må først melde frå til Datatilsynet. Alle offentlege stader som har kameraovervaking, skal vere tydeleg merkte. Skjult overvaking er forbode. Det er ikkje lov å levere ut eller vise opptak til utanforståande utan godkjenning frå dei som er med på opptaket. Men opptak kan leverast til politiet. Opptaka skal oppbevarast på ein stad som er utilgjengeleg for uvedkomande, og dei skal slettast når det ikkje lenger er sakleg grunn til å ta vare dei, seinast sju dagar etter opptaket.

Kamera ikkje alltid best

Storbritannia er det mest kameraovervakte landet i verda med sine drygt 4,2 millionar overvåkingskamera. Ei forskargruppe frå universitetet i Leicester har studert korleis overvakinga påverka kriminalitetsutviklinga i utvalde område. Dei fann at kriminaliteten vart redusert i berre to av dei fjorten områda som vart overvakte. Forskinga viser at overvåkingskamera kan redusere litt av innbrot, ran og tjuveri på vel definerte og avgrensa område, som butikkar og parkeringsanlegg. Lite tyder på at kamera på gater og torg har ein positiv verknad når det gjeld å redusere valden i samfunnet.

Stengjer folk ute

Medan politiet bruker kameraovervaking for å førebyggje og avdekkje kriminalitet, er andre meir opptekne av å stengje uynskte personar ute frå områda sine, kjem det fram i ei norsk doktoravhandling. Undersøkingar viser at kameraoperatørane på mellom anna kjøpesentera ikkje er spesielt opptekne av å avdekkje kriminalitet eller forstyrring av orden. Derimot handlar det meir om kven som er uynskte på området. Dei som er uynskte, blir viste bort – utan at dei har gjort noko gale.

Kamera alle stader

Oslo er den mest overvakte byen i Noreg. I og rundt Oslo City, Byporten kjøpesenter og Oslo Sentralstasjon finst det langt over 500 overvåkingskamera.

SHIT HAPPENS!

Fleire pølser på grillen, takk!

Ungdom som jobba på ein bensinstasjon i Telemark, vart fleire gonger oppringte av sjefen, som bad dei om å leggje fleire pølser på grillen. Korleis kunne sjefen sjå kor mange pølser som var på grillen, når han sjølv ikkje var på stasjonen? Dei tilsette mistenkte eigaren for å filme heile stasjonen eller delar av han, og sjå på det heime hos seg sjølv. Eit besøk av LOs sommarpatrulje viste at dei hadde rett. Det er eit grovt overtramp å bruke overvåkingskamera til å kontrollere dei tilsette på denne måten. Plasseringa av kamera måtte òg endrast slik at dei ikkje lenger fanga opp rørslene til dei tilsette bak disken.

Kjelde: Datatilsynet

Teken på mistanke

Ein drosjesjåfør hadde mist lommeboka si. Han vart kontakta av ein butikk som hadde funne lommeboka og førarkortet hans i ein stol. Sjåføren fekk sjå opptak frå eit overvåkingskamera som viste at ein gut hadde sete i stolen. Mannen kjende att guten, som var frå nabolaget, kontakta han og skulda han for å ha stole lommeboka. Guten nekta. Sjølv om filmen viste at guten hadde sete i stolen der lommeboka vart funnen, er det ikkje prov for at det var han som stal lommeboka. Butikken hadde ikkje lov til å vise opptaket til andre enn politiet og måtte gjere greie for rutinane sine for kameraovervaking.

Kjelde: Datatilsynet

Filma i prøverommet

Kundane i ein sportsbutikk i Sverige vart filma av eit overvåkingskamera i prøverommet. Reint tilfeldig oppdaga lokalavisa den hemmelige overvakinga. Overvakinga skal ha halde på i over eitt år. Butikksjefen hevda at butikken trong kamera på grunn av mange tjuveri. Leiinga i sportskjeda stengde kamera straks saka vart kjend.

Kjelde: Aftenposten

DU BESTEMMER KVEN DU RINGJER OG NÅR. TELEOPERATØREN REGISTRERER DET. Du bestemmer kvar du bruker bankkortet ditt, og kva du bruker det til. Banken registrerer det. Du bestemmer kva for søkjeord du bruker på Google. Søkjemotoren registrerer det. På ein heilt vanleg dag legg du etter deg mange spor. Dei kan mange vere interesserte i.

Nokon snokar i spora dine

11. september 2001: Terroristar flyg inn i World Trade Center i New York. Heile den vestlege verda skjelv av redsle for nye terrorangrep. Det blir innført strengare tryggingskontrollar, nye pass, meir telefonavlytting, sporing av mobiltelefonar og overvaking av trafikken på Internett for å hindre nye angrep og andre kriminelle handlingar.

Bruk og misbruk

Vi er reddare for terror og annan alvorleg kriminalitet enn før, og difor godtek vi meir av kontroll og overvaking. Den teknologiske utviklinga gjer at slik overvaking faktisk er mogleg. Dei fleste er positive til at elektroniske spor blir nytta for å halde nede kriminaliteten, men er det rett at vi alle meir eller mindre blir behandla som mistenkte i tilfelle vi skulle gjere noko gale ein gong i framtida?

Aldri før har det vore mogleg å samle så mange opplysningar om kvar ein skild av oss. Desse opplysningane kan det òg vere freistande å bruke til andre føremål enn det dei er innsamla for. Elektroniske spor kan nyttast til føremål vi ikkje likar, mellom anna av kommersielle verksemdar som nyttar elektroniske spor i marknadsføring og sal.

Gode føremål

Det er mange som samlar inn informasjon om deg for å kunne tilby gode tenester. Du er til dømes registrert i offentlege helse- og skuleregister for at du skal kunne få gode offentlege te-

KVA MEINER DU?

“Det er no teoretisk mogleg å utrydde kriminaliteten i samfunnet ved å overvake alle menneske heile tida. Men det er eit samfunn eg er sikkert på at vi vil ha store motførestellingar mot å leve i, for det vil sannsynlegvis ikkje vere eit godt samfunn,” meiner politikaren Lars Sponheim. Er du einig med han?

DNA-testing av alle nyfødde og eit DNA-register over alle innbyggjarar kan medverke til å oppklare brotsverk i framtida. Synest du det er ein god idé å opprette eit slikt register i Noreg? Kva kan vere problematisk ved det?

OPPGÅVE:

Lag ei liste over dei verksemdene du trur har samla informasjon om deg, både kommersielle (som nettleverandørar, telefonoperatørar, treningsstudio og bankar) og offentlege (som staten, kommunar, sjukehus og skular). Blir lista lengre enn du trudde på førehand?

nester. Politiet og rettsstellet har behov for å samle informasjon og sjekke elektroniske spor i arbeidet med å etterforske og dømme kriminelle, sikre liv og halde oppe lov og orden i samfunnet.

Det er viktig å ha klare reglar for kven som har lov til å samle opplysningar om andre, korleis desse opplysningane skal behandlast, kva dei kan brukast til, og kor lenge dei kan lagrast. Opplysningar som er samla for eitt føremål, skal ikkje utan vidare kunne brukast i andre samanhengar.

Meir og meir av det vi gjer, blir registrert. Kamera følgjer oss på stadig fleire stader. Nokon ser oss og samlar informasjon om oss sjølv om vi ikkje gjer noko gale. Somme synest det er ubehageleg, sjølv om dei har reint mjøl i posen.

Kan overvaking alltid rettferdigjerast?

Musikkbransjen overvaker fildeling


Opplasting og nedlasting av musikk- og filmler utan lovleg kopieringsgrunnlag er ei ulovleg handling. Dei som sit på rettane til musikken og filmene, går glipp av store summer når folk lastar ned ulovleg frå Internett i staden for å betale for produktet. Difor har Datatilsynet hausten 2006 gjeve eit advokatfirma, som representerer musikk- og filmbransjen, løyve til å overvake dei delane av Internett der det går føre seg ulovleg fildeling. Gjennom overvakinga vil advokatfirmaet få tilgang til aktuelle IP-adresser. På bakgrunn av denne informasjonen vil ein vurdere ulike tiltak, mellom anna å melde saker til politiet.

Alt blir registrert

For å halde nede kriminaliteten har EU vedteke Datalagringsdirektivet, og EU-landa er i gang med å innføre det. Dette regelverket inneber at opplysningar om kven folk snakkar med på fasttelefon, mobiltelefon og IP-telefon, kor lenge samtalen varte, og når samtalen gjekk føre seg, skal lagrast i inntil to år. Det same gjeld informasjon om kven folk sender og får e-post til og frå, og når dei er kopla til Internett. Noreg vurderer å innføre eit liknande regelverk.

Du er registrert

Mange er interesserte i personopplysningane dine, og du blir registrert dagleg. Stadig fleire aktørar samlar inn og koplar saman opplysningar om deg. Politiet kan bruke opplysningane for å avdekkje kriminalitet, medan dei kriminelle gjer det for eiga vinning. Dei kommersielle aktørane treng opplysningane dine for å tene pengar. Marknadsførarar er interesserte i mest mogleg informasjon om deg. Ingenting er gratis – du betaler med personopplysningane dine. Og hugs at du har rett til å krevje innsyn i opplysningane som er registrerte om deg.



DEI SER DEG!

Den teknologiske utviklinga går fort og gjev stadig nye moglegheiter:

“World of Warcraft”

På det nettbaserte spelet “World of Warcraft” kan driftaren av spelet “sjå” om du bruker ei kodeknekkjarside samtidig som du spelar. Dersom du fuskar, kan du bli kasta ut av spelet.

Tilpassa reklame

Gmail bruker eit program som skannar e-postane du skriv, og leitar etter ord som seier noko om kva du er interessert i. Deretter tilpassar Google reklamen i høve til det.

Elektronisk billett

Med ein elektronisk billett blir det mogleg for transportselskapet å finne ut kvar du har vore, og når. Opplysningane blir lagra, og på nettsidene til selskapet kan du enkelt finne ut kvar du har vore den siste tida.

Fingeravtrykk og DNA

Fingeravtrykk, iris-skanning og annan biometri er teknologiar som kjem for fullt. Det er planar om å leggje inn fingeravtrykk i nye norske pass. Somme ynskjer eit nasjonalt DNA-register over heile folket. Eit slikt register vil gjere det enklare å fange forbrytarar, men informasjonen kan òg misbrukast.

Personvern inneber at det finst reglar for korleis andre kan bruke opplysningar om deg. Vi vonar du no har fått eit betre grunnlag for å avgjere kva for opplysningar du vil gje frå deg, og kven du vil gje dei til.

Sjølv om du ikkje alltid har full kontroll i alle situasjonar, vonar vi at du kjenner deg litt tryggare. For i dei fleste situasjonar er det faktisk **DU SOM BESTEMMER!**

Vil du vite meir?

På www.dubestemmer.no finn du meir informasjon om personvern og sentralt lovverk. Her finn du òg lenkjer til annan nyttig informasjon og andre aktørar som har kunnskap på området. Eller du kan kontakte Datatilsynet på telefon **22 39 69 00** eller e-post postkasse@datatilsynet.no.





www.dubestemmer.no